



DET KONGELEGE  
KULTURDEPARTEMENT

Os kommune i Hordaland  
Postboks 84  
5202 OS

Dykkar ref

Vår ref

Dato

14/5233-

17.03.2015

**Svar på klage- Os kommune - desentralisert ordning lokale kulturbygg 2014**

Vi viser til brev frå Hordaland fylkeskommune, dagsett 11. desember 2014, der klager frå søkjarar på fordelinga av spelemidlar til lokale kulturbygg 2014 vart sende til Kulturdepartementet for endeleg avgjerd jf. forvaltningslova § 33 fjerde ledd.

*Os kommune - Os seniorsenter*

Klagaren meiner at det ikkje kom tydeleg nok fram at Os Seniorsenter er eit lokalt kulturbygg som er tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Søknaden vart behandla etter dei kriteria som ligg i dei fastsette føresegnene for ordninga og på grunnlag av den informasjonen som var tilgjengeleg i søknaden.

Kulturdepartementet vurderer det slik at dei nye opplysningane frå søkjaren syner at tiltaket er i tråd med kriteria for ordninga, som eit kulturbygg tilgjengeleg for alle aldersgrupper. Vi viser til Forvaltningslova, § 34, fjerde ledd. Kulturdepartementet finn på denne bakgrunn å måtta oppheva avgjerda frå fylkeskommunen, og bed med dette om at saka vert handsama på nytt i fylkeskommunen.

Med helsing

Stein Sægrov (e.f.)  
avdelingsdirektør

Hilde Mortvedt  
seniorrådgjevar

Kopi: Hordaland fylkeskommune

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og er difor utan signatur.*

KOPI